

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
049/2018	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	13.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	17/1990	18/8108

Plansak 12601017000900 - Områderegulering - Bø skule og barnehage - 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Saka gjeld vedtak om første gongs høyring og offentleg ettersyn for Områdeplan for Bø skule og barnehage.

Planen sitt føremål er å leggje til rette for ny kommunal barnehage i tettstaden Bø.

Oppstart av planarbeidet har grunnlag i vedtak i formannskapet, FS-sak 014/2017, om lokalisering av ny barnehage på Bø:

Formannskapet går inn for alternativ 1 sine løysingar for ny barnehage. Barnehagen vert lokalisert om lag der noverande trygdebustader er. Rådmannen får fullmakt til å arbeida vidare med detaljplanlegging innan desse rammene for kostnadseffektive løysingar.

Formannskapet legg til grunn at ny barnehage ikkje blokkerer for drift og evt utbygging av skulen. Vidare skal byggjeplassen sikrast slik at både skule og noverande barnehage kan driftast i byggjeperioden.

Formannskapet ynskjer at ny barnehage får innkøyring frå sør.

Og FS-sak 031/2017:

Rådmann Jarle Landås orienterte om framlegg til situasjonsplan og planteikning tilpassa den nye barnehagetomta. Administrasjonen kan ikkje tilrå tilkomst til barnehagen frå sør, både av omsyn til trafikktryggleiken og barna sine oppvekstforhold, og utfrå plassomsyn i det samla oppvekstsenteret.

Rådmannen meiner dagens kommuneveg er ei betre løysing som tilkomst til barnehagen, ein veg som er oppgradert med fortau og lys.

Formannskapet drøfta saka. Ordførar Jon Askeland ba rådmannen arbeida for å få til betre og større avstigning- og parkeringsplass sørvest for skulen, slik at fleire kan levera og henta barn til barnehagen og skulen der.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Områdeplanen er ei kommunal plan. Utførande konsulent er Forum Arkitekter AS på vegne av Radøy

kommune.

Planområdet

Planområdet er på ca. 53 da og ligg i tettstaden Bø (Hordabø) i Radøy kommune.



Planområdet


Frå planbeskrivelsen:

Tomten for nye Bø barnehage består av eiendommene Gnr/bnr 24/66, 24/211 og del av 24/22 nordvest for fylkesveg 409, Radøyvegen.

Planområdet omfatter for øvrig eiendommen der dagens barneskole ligger (gnr/bnr 24/270, 24/210). Nordbøvegen Gnr/bnr 24/262 er del av planområdet sammen med eiendommen gnr/bnr 24/266 og 24/103 som også eies av Radøy Kommune. For øvrig omfatter planområdet eiendommene Gnr/bnr 24/86, 24/308, 24/249, 24/250 Planavgrensning er forsøkt lagt naturlig i forhold til avgrensning av arealformål i kommuneplan, i forhold til tilgrensende reguleringsplaner, eller lagt i eiendomsgrense. I tillegg til forannevnte eiendommer er det tatt med deler av fylkesveg 409, Radøyvegen samt deler av tiliggende eiendommer for å sikre arealer for utvidelse av vegen gjennom planområdet. Disse eiendommene er; Gnr/bnr 24/285, 24/128, 24/95, 24/10, 24/158 og 24/243.

Gjeldande planstatus


Planområdet ligg innanfor reguleringsplan for Nordbø, planid. 12601994000100.



Utsnitt av Reguleringsplan for Nordbø


I gjeldende reguleringsplan Nordbø er planområdet sett av til offentlige bygninger; barneskule, barnehage, eldrebustader, friområde og bustader.

I gjeldende Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 er planområdet sett av til tenesteyting, bustader, friområde og veg.



Arealbruken i områdeplanen er i hovudsak i tråd med Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.

Kommunen har for tida Kommunedelplan for Bø under arbeid. Arbeidet med Kommunedelplan for Bø og Områdeplan for Bø skule og barnehage er koordinert. Områdeplan for Bø skule og barnehage er meir detaljert enn Kommunedelplan for Bø, men områdeplanen vil vere i samsvar med overordna plan.



Utsnitt av Kommunedelplan for Bø under arbeid


Gjeldande arealbruk

Frå planbeskrivelsen:

Innenfor planområdet finnes: barneskole, barnehage, tidligere pleiehjem og omsorgsboliger i tillegg til boliger og grøntareal sammen med tidligere bolig på Gnr 24/22, nå revet. Barnehagen drives i dag i to eldre bygninger på Gnr/bnr 24/66. Disse er forutsatt revet. I tillegg disponerer barnehagen deler av tidligere omsorgsboliger på Gnr/bnr 24/211 som også er forutsatt revet. Barnehagens uteområde innbefatter også i dag deler av gnr/bnr 24/22. Disse 3 eiendommene vil sammen utgjøre tomten for nye Bø Barnehage. I planområdet ligger også bygning tidligere kjent som Hordabøheimen. Denne er i privat eie og benyttes som overnattingssted. Videre omfatter planområdet del av Fv.409, Nordbøvegen og busstopp med snuplass, fortau og gangveger. Planområdet omfatter også friområde og grønt struktur. Del av fylkesveg 409 og tiliggende eiendommer er tatt med i planområdet for å sikre arealer for utvidelse til en tidsmessig trafiksikker fylkesveg og trygg adkomst for myke trafikanter.


Opstartsvarsel og merknader til opstartsvarsel

Det vart halde opstartsmøte hjå kommunen 16.10.17. Varsel om opstart vart kunngjort i avisa og på kommunen si heimeside. Høyringsinstansar og naboar vart varsla i brev dagsett 19.10.17. Frist for å kome med merknader vart sett til 24.11.17.



Planavgrensing i oppstartsvarsel

Som følge av merknad til oppstartsvarsel frå Statens vegvesen vart plangrensa utvida og ny oppstart vart varsla ved brev dagsett 11.12.17. Frist for merknader vart satt til 09.01.18.



Planavgrensing i revidert oppstartsvarsel

Som følge av godkjenning av tekniske teikningar hjå Statens vegvesen er det gjort ei ytterlegare mindre utviding av plangrensa i nord, jf. kartutsnitt for planområdet i innleiinga.

Det kom inn 10 merknader til oppstartsvarsel:

1. Vidar Mjøs, 24.10.17

Eg såg i Strilen i dag at det er sett i gang arbeid med regulering av Bø Barnehage, og på Braplan at det er halde oppstartsmøte 16. oktober 2017 (med politisk handsaming av oppstartsspørsmålet?)

Eg hadde i 2016 ein dialog med Harald Mellingen vedr. kommunedelplanen og utbygging på

Nordbø og laga då eit par skisser (vedlagt), den eine femner om heile «det grønne draget» frå idrettsbana i aust til Byngja i vest og viser ein snarveg frå Haugland til Byngja som eg lanserte i samband med diskusjonen om Fløholmen småbåthamn og behovet for fortau langs fylkesvegen til Fløholmen. Kjersti Flatraker tykte denne snarvegen var ein god ide.

Eg meiner at eg tidlegare har lese i Strilen at det no er laga eit forprosjekt for den nye barnehagen som inneber riving av all bygningsmassen som no vert nytta til barnehage (tidlegare kommunehus og omsorgsbustader).

Etter mitt skjønn bør ein vurderer å gjenopna gamlevegen til Nordbø («Rådhusgata»), sett i samanheng med ei framtidig omlegging og standardheving av hovedvegen med gang- og sykkelveg over til idrettsbana, og utbygginga av bustadfeltet på Nordbø.

Ny barnehage vil alternativt kunna plasserast ved gamle Haugland skule og den skisserte ganglina over mot det nye bustadfeltet ved Marøyvegen. Er dette vurdert ?

2. Vidar Mjøs, 26.10.17

Med referanse til avisannonsen ringde eg i dag til Forum Arkitekter AS. Tor Schønning opplyste at det på noverande tidspunkt ikkje låg føre informasjon som ein kunne gå ut med offentleg, bortsett frå at bustadtømta aust for barneskulen skulle omregulerast.

Eg meiner å ha lese i Strilen at barnehageprosjektet inklusive riving av eksisterande bygg var kostnadsrekna til 50 mill. Det må då liggja føre eit kalkulasjonsgrunnlag.

Den eksisterande barnehagen ligg i det som var administrasjonssenter i Hordabø herad før kommunesamanslåinga i 1964, tilsynelatande utvikla som eit «provisorium», no etter kvart på begge sider av Nordbøvegen som undervegs er stengd, med omkjøringstilkømt rundt skulen og den tidlegare aldersheimen.

Er det opplagt at dette er den rette lokaliteten for ein barnehage ? Er temaet analysert i samband med reguleringsplanen / kommunedelplanen for Bø ?

3. Hordabø skule v/ rektor Ståle Villanger, 08.11.17

Veit det er føreslått at vegtrasè skal gå der den går i dag, dvs gjennom Nordbøvegen/ byggjefeltet. Utfordringa og dei negative faktorane med dette er svært mange:

1. Trafikkmengda som pr i dag vert slust gjennom krysset og opp forbi skulen og vidare oppover Nordbøvegen er svært stor og ikkje tilfredsstillande mtp trafikktryggleiken for elevane som går til og frå skulen.

2. Nordbøvegen er ikkje bygd for denne store mengda med trafikk. Her er smalt, og dei private innkøyrslene til folk vert brukt som stoppe- og passeringssoner når bilar møtes. Her er veglys og dumpar, og det er positivt. (Problemet med dumpane er at dei er feil utforma, slik at bilane ikkje treng å sakke opp når dei køyrer over dei. Det er 30- sone, men berre i teorien). Dette kan skape farlege situasjonar for elevane som ferdast til og frå skulen.

3. Krysset heilt oppe i Nordbøvegen, der ein svingar til høgre og ned mot Hordabøheimen og dagens barnehage er uoversiktleg og smalt. Dette er farleg for born som skal krysse dette partiet

på veg til skulen.

Eg tenkjer at trafikktryggleiken til elevane på Hordabø skule, kanskje er noko av det aller viktigaste å sjå på no i denne fasen ein er i med planlegging av ny barnehage. No har ein moglegheit til å gjere noko med den utfordringa me har i dag, ved å gå for mitt forslag til innkøyrse.

Mengda trafikk i dette området går berre ein veg- oppover. Slik vil det fortsetje, med ein ny og attraktiv barnehage og ein ny områdeplan for Bø som snart er på plass. Ein vert nøydd til å planleggje for framtida. Det fins utallege eksempel på det motsatte, og no gjeld det at ein ikkje også her går i denne "fella".

4. Rune Bø m/fleire, 14.11.17

Viser til varsel om oppstart av ny områdeplan, Bø barnehage.

Me bebuarar har følgjande innspel, og dette går på val av vegtrasè. Me føreslår at det vert innkøyring til barnehagen, på sørvest (mellom skule og barnehage). Ikkje slik de presenterte for oss pr tlf, der de seier at den skal gå slik den også gjer i dag.

Me har ei enorm trafikkmengde på denne trasèen. Her er hyttefelt, tidlegare Hordabøheimen med opptil 60 personar på det meste, barnehage, fastbuande osv. Trafikkmengda vil også auke, ved ny barnehage og ny områdeplan som snart er på plass. I tillegg er dette ein veg som ikkje innehar dei krav som trengs, bl.a. ved at vegen er svært smal og ikkje er bygd for 2017 og fram i tid.

Dette utgjer ei stor fare for borna våre, og dette er noko ein bør ta med i betraktninga no i denne oppstartsfasen, no når ein har mogleiheit til å planleggje og regulere for framtida.

For å sjå det reelle trafikkbilete og kva me prøver å poengtere, så anbefalar me på det sterkaste at det her vert eibefaring på bakgrunn av dette. Inviter med statens vegvesen, politikarar og oss bebuarar.

5. BKK, 14.11.17

Følgende må spesifikt ivaretas i plan med bestemmelser:

- Der BKK Nett angir behov for plassering av ny nettstasjon, må det reguleres et areal til slikt formål. Alternativt kan det tas inn i planbestemmelsene at nettstasjoner skal kunne etableres og innenfor hvilke reguleringsformål de kan plasseres. I siste tilfelle må det også tas inn i bestemmelsene de sikkerhetssoner som gjelder for nettstasjoner.
- Det er formålstjenlig om det i reguleringsbestemmelsene kan innarbeides en generell bestemmelse om at nettstasjoner tillates oppført i forbindelse med strøm til stedbunden næring i LNFR-område, samt på areal regulert til utbyggingsformål.
- Generelt er det 5 meter byggegrense rundt nettstasjoner.

6. Fylkesmannen i Hordaland, 16.11.17.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar.

Fylkesmannen viser elles generelt til statlege planrettningslinjer for arealplanlegging,

samt krav til ROS analyse, omsynet til barn og unge sine oppvekstkår, omsynet til folkehelse, retningslinjer for støy, omsynet til naturmangfaldet og krava til medverknad i planprosessar.

7. Statens vegvesen, 24.11.17

Generelt:

Statens vegvesen bed om at følgjande tema vert tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- *Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m)*
- *Tilhøva for mjuke trafikantar innan planområdet og mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplass, skule m.m).*
- *Byggjegrense til fylkesveg.*
- *Vegtrafikkstøy.*
- *Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.*
- *Universell utforming.*

Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen:

Radøy kommune har pågåande planarbeid i området (Kommunedelplan (KDP) for Bø /Områdeplan for Bøvågen). Eit viktig plantema i dette planarbeidet er infrastruktur. I vår uttale til dette planarbeidet har vi uttalt at planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen slik at ein kan utbetre fylkesvegen. Vi har og meint at det bør leggjast til rette for tilbod til mjuke trafikantar på begge sider av vegen.

Statens vegvesen meiner det er relevant å trekke inn arbeidet med KDP Bø som no er på høyring, og vi meiner at infrastrukturen i dei to planane må sjåast i samanheng.

Plangrense:

Statens vegvesen setter krav til at plangrensa vert utvida til å omfatte fylkesvegen langs heile planområdet. Fylkesvegen er smal på strekninga og har for det meste berre ei køyrebane. Det er ikkje fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga. Det er behov for å sjå på utbetring av fylkesvegen samt å sikre tilstrekkeleg areal til mjuke trafikantar.

Tilknytning til fylkesvegnettet:

Sjå merknad om plangrense.

Trafikk og trafikktryggleik:

Trafikktryggleiken må vurderast særleg i planarbeidet. Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som skildrar dagens situasjon i området, og som må leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Det er utført fleire trafikktryggleikstiltak langs fylkesvegen dei seinare åra med

mellom anna fartsdemping og belysning.

Byggjegrænse langs veg:

Den generelle byggjegrænse langs fylkesveg er 50 meter. På denne strekninga har vi tidlegare sagt at vi kan vi akseptere ei byggjegrænse på 30 meter. Så lenge vegsituasjonen ikkje er avklart meiner vi at det må oppretthaldast ei streng haldning til byggjegrænsa. Dette for å sikre nok areal til ei utbetring av fylkesvegen, samt tilrettelegging for mjuke trafikantar og naudsynt sideareal.

Vi minner elles byggjeforbodet innanfor byggjegrænsa gjeld alle tiltak, også til dømes murer, parkeringsareal, utsprengte og utgravne rom m.v.

Kart og føresegner skal vere eintydige.

Busshaldeplass:

Dagens busstopp er ikkje bygd i samsvar med plan. Vi rår til at plangrensa vert utvida til også å omfatte busstoppet ved skulen slik at denne vert formalisert.

Rekkefølgjekrav

Basert på omfanget av planlagt utbygging vil vi vurdere om det skal stillast krav om rekkjefølgje for veg- og trafikktryggleikstiltak.

Vidare planarbeid:

I det vidare planarbeidet vil Statens vegvesen ha fokus på tilhøvet til mjuke trafikantar, utforming av kryss og avkøyrslar, byggjegrænse mot veg og universell utforming. Planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen til at ein både kan utbetre veggen og leggje til rette for tilbod til mjuke trafikantar på både sider av fylkesvegen.

Statens vegvesen setter krav om at plangrensa vert utvida til å omfatte fylkesveg 409 med tilstrekkeleg sideareal.

8. Hordaland Fylkeskommune, 30.11.17

Relevante planfaglege innspel

Hordaland fylkeskommune meiner at oppstartsmeldinga til områdeplan for Bø- skule og barnehage m.fl. kunne vore meir utfyllanda og omtalt forholdet til kommunedelplan for Bø som nå er til offentleg ettersyn.

Planområde inngår i Radøy kommune sitt forslag til ny kommunedelplan for Bø, der det er føreslått å oppheva gjeldande reguleringsplan Nordbø (planID1260201700900). Folkehelse og barn og unges interesser Hordaland fylkeskommune er positive til at planen leggje til rette for å utvikle planområdet som eit trygt og stimulerande oppvekstmiljø. Vi minner om Regional plan for folkehelse (2014-2025) der det går fram i pkt. retningsline 2.5 at skular og barnehagar må ha uteområde og grøntareal som fremjar tilgjenge og aktivitet (fysisk, psykisk og sosialt) hos barn og unge. Ny barnehage vil truleg bidra til auka trafikk i nærområdet.

Hordaland fylkeskommune ber difor om at det takast særskilt omsyn til trafikktryggleik og trafikksikker skuleveg i det vidare planarbeidet.

Klima og energi

Hordaland fylkeskommune minner om regional klimaplan for Hordaland. Planen har mål at energibruken i bygningsmassen i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 i høve til energibruken i 2007, og 25 % i 2030. Utslepp av klimagassar frå byggsektoren i Hordaland skal reduserast ved konvertering til alternative fornybare energikjelder og klima- og miljøvenleg materialbruk. Vi ber om at det vert teke omsyn til dette i det vidare planarbeidet.

Landskap

All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i planarbeidet.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi vil ikkje krevje arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader på noverande stadium når det gjeld kulturminneinteresser.

Samferdsel

Samferdselsavdelinga legg til grunn at eksisterand vegtilkomst via Nordbøvegen skal nyttast, og at det ikkje vert gjort tiltak som får betydning for fylkesvegen.

Senter- og tettstadsutvikling

Hordaland fylkeskommune arbeidar aktivt for å styrke kvaliteten ved byar og tettstader og ber om at Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på: barn og unges interesser, folkehelse, kulturminne og kulturmiljø, klima og energi, landskap, samferdsel, senter- og tettstadsutvikling, universell utforming.

9. Statens vegvesen, 05.01.18

Vi er nøgd med at plangrensa no vert utvida til å omfatte fylkesvegen langs planområdet, samt busshaldeplass ved Bø skule. Vi vil kome tilbake til standardval på veganlegget, behov for areal, byggjegrænse mm når vi har drøfta saka med kommunen møte som er satt opp 09.01.2018. Vi syner elles til vår uttale datert 24.11.2017 til varsel om oppstart for dette planarbeidet.

10. Rune Bø m/fleire, 13.01.18 (mottatt etter merknadsfristen)

Sender merknader på tilkomstveien til nye bø barnehage som dere har tegna inn via nordbøveien.

Pr i dag holder ikkje nordbøveien dagens krav til vei og fortausbredde. Det er heller ikkje mulighet å utvida vei/fortau .

Vi har teikna inn eit forslag på områdekartet for å løysa vei,fortau og parkerings problema som er pr i dag.

Rundkøyring med avkøyrse til nordbø, byggjefeltet ved bøtjørna,eksisterande vei med ny parkering for barnehage og hordabøheimen og ny vei parallelt med gamleveien.

Gamleveien blir stengt ved kvernebrekka og nye veien blir kobla på der gamleveien blir stengt.

Nordbøveien blir stengt etter avkøyrse til Asbjørg Bø.

I tillegg ser vi at dere har tegna inn parkeringsplass P01 .Den ønsker vi tilbakeført til boligtomt som den opprinnelig var. Ser ikkje behov for parkeringsplass i boligfeltet vårt.

VURDERING

Vurdering av merknader

Utførande plankonsulent Forum Arkitekter AS har kommentert dei einskilde merknadene i vedlagt merknadsdokument.

Merknadene frå Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Statens vegvesen og BKK er teke til vitande og lagt til grunn for planarbeidet. Som følgje av merknad frå Statens vegvesen er plangrensa utvida to gonger og det er gjennomført prosjektering av fylkesvegen.

Merknaden frå rektor ved Hordabø skule og bebuarane på Nordbø gjeld løysingar/innhaldet i planen, spesielt tilkomstveg. Dette er tema som det ikkje er grunnlag for å kome med merknader til i oppstartsvarsel. Det er planarbeidet som skal leggje grunnlag for den løysinga som vert fremja i planframlegget. Rådmannen viser til planbeskrivelsen og ROS-analysa når det gjeld vurdering av trafikk og trafikktryggleik. Den alternative vegløysinga som er foreslått av rektor ved Hordabø skule og bebuarane på Nordbø er ikkje ei mogleg løysing.

Når det gjeld merknad frå Vidar Mjøs viser rådmannen til at det ligg eit politisk vedtak til grunn for val av geografisk plassering av barnehagen. Områdereguleringa har som føremål å leggje til rette for ny barnehage på Bø. Det er ikkje aktuelt å utvide plangrensa ytterlegare.

Når det gjeld den gamle Nordbøvegen, som går igjennom barnehage sitt uteområde, gjer rådmannen merksam på at stenging av denne var eit krav frå Statens vegvesen allereie i reguleringsplan for Nordbø frå 1994. Stenginga er følgjeleg gjennomført i samsvar med og med heimel i gjeldande plan for Nordbø. Opning av den gamle Nordbøvegen vil ikkje vere eit tema i det vidare planarbeidet.

ROS og KU

Frå planbeskrivelsen side:

Planarbeidet er vurdert opp mot forskrift om konsekvensutredning (FOR-2017-06-21-854) § 2, § 6, § 7 og § 8. Planområdet er tidligere regulert i gjeldende reguleringsplan R 19941298 - Nordbø, datert 1.6.1994 og området har vært brukt til formålene som planarbeidet legger opp til, over lengre tid. Planlagt ny barnehage vil erstatte dagens barnehage som ligger innenfor samme område, denne forutsettes revet. Det er en forholdsvis liten andel av planområdet som planlegges utviklet og størrelsen på planlagt ny bebyggelse og områdene som berøres er beskjeden. Formål i planen er i samsvar med kommuneplan. Planforslaget anses å legge til rette for en samfunnsnyttig utbygging, i tråd med statlige retningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging. Planforslaget tilrettelegger for en samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse av området med vekt på god trafiksikkerhet. På bakgrunn av ovennevnte vurderes planen ikke å få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn og dermed heller ikke utløse krav om konsekvensutredning.

Det er utarbeidet en forenklet risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for planområdet (se vedlegg 6). ROS-analysen omfatter naturbasert og menneskeskapt risiko og sårbarhet. Der det er identifisert behov innen de forskjellige risikokategoriene er det vist til tiltak som må integreres i planen for å unngå uønskede hendelser.

Hensyn som skal tas ved utforming og gjennomføring av planen er nærmere beskrevet i planbeskrivelsen. Der spesielle bestemmelser ut over gjeldende regelverk er nødvendige, er dette tatt inn i reguleringsbestemmelsene.

I ROS-analyse er det identifisert moglege uønska hendingar innanfor planområdet. ROS-analysen beskriv avbøtande tiltak for å redusere faren for uønska hendingar.

Kulturminne

Det er ingen kjente kulturminner innafor planområdet.

Folkehelse, friluftsliv og born og unge

Området er nytta av skuleelevar og barnehaga på dagtid, og som leikeområde for born i nærområdet på ettermiddag og helg. Tettstaden Bø er konsentrert rundt skule- og barnehageområdet, og lokaliseringa er gunstig med tanke på å leggje til rette for at ikkje-bilbasert arealbruk. Det er eit mål i planarbeidet at flest mogleg skal kunne gå til skule og barnehage.

Natur, naturmangfald og landbruk

Planområdet er allereie i det vesentleg bygd, og det er ikkje vesentlege naturverdiar, biologisk mangfald eller landbruksomsyn innafor planområdet. Planområdet ligg tett på både landbruksareal og friluftsområder/naturområder.

Trafikk og trafikktryggleik

Tilkomst til planområdet er frå fylkesveg 409, Radøyvegen, og kommunal veg, Nordbøvegen.

Fv.409 gjennom området har ikkje fortau langs heile strekket. Fartsgrensen forbi Hordabø skule og

Bø barnehage er redusert til 30 km/t.

Det er fortau, fartsdumper og veglys i kommunal veg - Nordbøvegen. Fortauet er ikkje ført heilt fram til eksisterande barnehage.

Konklusjon

Det er rådmannen si vurdering er planforslaget løyser naudsynt arealbruk for ny barnehage og eksisterande skule. Andre omsyn og verknaden av planframlegget er synleggjort og vurdert.

Rådmannen rår til at områdereguleringsplan for Bø skule og barnehage vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til områdereguleringsplan for Bø skule og barnehage , planid 12602017000900, med planskildring, plankart, føresegner og ROS-analyse mottatt 31.05.18 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 på følgjande vilkår:

1. Planskildring vert omsett til nynorsk målform.
2. Det må leggjast inn påskrift på alle føremål i kartet.
3. Rådmannen får fullmakt til generell feilretting og oppstramming av føresegna. Mellom anna må følgjande rettast:
 - a. Det må fremgå av pkt. 2.4.1 kva føremål som inngår i kombinasjonen.
 - b. Estetikkføresegna i pkt 1.1 er ikkje treffande for arealbruken og må endrast.
 - c. Det må vurderast om føresegna i pkt 5.1.1 om sprenging er tenleg.
 - d. Pkt LNF er ikkje eit arealføremål i planområdet om må takast ut.
 - e. Pkt 5.1 følgjer av lov og må takast ut.
 - f. Det må takast inn rekkefølgjekrav knytt til parkering til barnehagen.
 - g. Det må rettast i nummerering.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 049/2018

PLT - handsaming:

Edgar Grindheim (AP) peika på trafikkfarleg situasjon når bilar skal snu på Nordbøvegen og svinga mot sør igjen. Her er det dårleg sikt, og Grindheim meiner det er nødvendig å fjerna ein knaus for å få betre svingradius.

Hovudutvalet sette fram følgjande felles tilleggsframlegg i møtet - som nytt vilkår:

h) det må leggjast inn frisisiktsone i alle kryss i offentleg veg

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

PLT - vedtak:

Framlegg til områdereguleringsplan for Bø skule og barnehage, planid 12602017000900, med planskildring, plankart, føresegner og ROS-analyse mottatt 31.05.18 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 på følgjande vilkår:

1. Planskildring vert omsett til nynorsk målform.
2. Det må leggjast inn påskrift på alle føremål i kartet.
3. Rådmannen får fullmakt til generell feilretting og oppstramming av føresegna. Mellom anna må følgjande rettast:
 - a. Det må gå fram av pkt. 2.4.1 kva føremål som inngår i kombinasjonen.
 - b. Estetikføresegna i pkt 1.1 er ikkje treffande for arealbruken og må endrast.
 - c. Det må vurderast om føresegna i pkt 5.1.1 om sprenging er tenleg.
 - d. Pkt LNF er ikkje eit arealføremål i planområdet og må takast ut.
 - e. Pkt 5.1 følgjer av lov og må takast ut.
 - f. Det må takast inn rekkefølgjekrav knytt til parkering til barnehagen.
 - g. Det må rettast i nummerering.
 - h. Det må leggast inn frisisiktsone i alle kryss i offentleg veg.

Vedlegg:

2308_Bø_barnehage_Planskildring

1260 2017 0009 00 HORDAB¥_Regplan-A1

1260_2017_0009_00_Føresegner

1260 2017 0009 00 HODAB¥_Arealkart-A3_3001-A

1260 2017 0009 00 HODAB¥_Arealtabell_A

Bç barnehage_Landskapsplan-8000_A

Bç barnehage_Landskapsplan-8000_A_Fargelagt

Bø barnehage_ROS_analyse_II

Plansak 12602017000900 - Områdeplan - Bø skule og barnehage m.fl. - merknad Rune Bø med fleire
Kommunedelplan for Bø

17_187696-5Uttale - Utviding av plangrense - Bø skule og barnehage m.fl - Gnr. 24 bnr. 22 m.fl -
Radøy kommune

Plansak 12602017000900 - varsel om oppstart - Bø barnehage - Områdeplan for Bø skule og barneha

Plansak 12602017000900 - Områdeplan - Bø skule og barnehage m.fl. - uttale